



Lygra kai og grunneigarlag  
v/Ole Bakkebø  
E-post: [olebakkebo@gmail.com](mailto:olebakkebo@gmail.com)

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ove Midtbø, 5764 3176

## Vedtak - klagesak - byggesak - Alver - 58/14 - Lygre indre - oppføring av venteskur på dampskipskaia på Lygra - gebyr

Vi viser til oversending frå Alver kommune 24.03.2020, som gjeld klage på avslag 20.12.2019 på søknad om fritak for gebyr for oppføring av venteskur på dampskipskaia på Lygra. Det er klaga innan fristen, og vilkåra for å handsame saka er oppfylte

### Vedtak

**Fylkesmannen stadfestar tidlegare Lindås kommune sitt administrative vedtak 20.12.2019 i sak 831/19, om avslag på søknad om å få redusert gebyr i byggesak.**

### Bakgrunn for saka

I e-post 02.09.2019 til tidlegare Lindås kommune, no Alver kommune, søkte de om fritak for gebyr i samband med byggesak på Meierikaaien (også omtalt som dampskipskaia i saka) på Lygra. I grunngevinga for søknaden vert det vist til at det gamle venteskuret på kaia som de ønskjer å føre opp att, vart rive ved hærverk og kriminell handling året før, jf. tidlegare brev til kommunen om dette 18.10.2018. De viser til at saka er politimeld, men at ho er lagt bort. Før de tok endeleg standpunkt til oppattføring av bygget og innsending av naudsynte byggesøknader, ønskte de på førehand å søkje om fritak for gebyr i samband med byggesaka.

Søknaden vart handsama administrativt av tidlegare Lindås kommune 20.12.2019 i sak 831/19. Der vart det gjort følgjande vedtak:

*«Det ligg ikkje føre særlege grunnar for å redusere gebyret, jf. i Lindås kommune si gebyrforskrift punkt 4.9. Søknad om reduksjon av gebyret vert avslått.*

*Grunngeving går fram av saksutgreiinga.»*

De klaga på avgjerda 16.01.2020, med supplerande skriv 22.01.2020. Hovudpunkta i klagen kan oppsummerast slik:



- Gebyrforskrifta til kommunen opnar for reduksjon av gebyret på visse vilkår «*når særlege grunnar ligg føre*». De viser til at dykkar sak innfrir desse krava, og viser til grunnngjevinga i søknaden.
- Kommunen sitt vedtak tek ikkje utgangspunkt i realitetane i saka slik dei er beskriver i søknaden.
- Kommunen sine vurderingar knytt til presedensverknad ligg utanfor det denne konkrete saka dreier seg om.
- De ber om at ein ny sakshandsamar ser på saka, då de meiner at vedkomande si vurdering av den faktiske situasjonen neppe kan vere rett.
- Konkret dreier saka seg om eit bygg på kaia som har «*stått i manns minne*» og som har kulturhistorisk verdi. Bygget er gjort hærverk på og rive ned gjennom kriminell handling. De meiner dette utgjer «*særlege grunnar*» for fritak av gebyr i samband med byggesaka.
- Kommunen har lagt vekt på usaklege argument i saksutgreiinga ved å peike på at andre lag/organisjonar kan nytte same grunnngjeving for å søkje om fritak for gebyr i tilsvarende saker.
- Kommunen si sakshandsaming av denne søknaden bør vere enkel og av formell karakter: Det dreier seg om oppføring av det same bygget som er rive og same plassering. Eit så enkelt sakskompleks tilseier at kommunen bør redusere gebyret på eige initiativ.

Klagen vart vurdert og handsama av Alver kommune 24.03.2020 i sak med referanse 20/3049 - 20/16201. Det vart ikkje funne grunnlag for å ta klagen heilt eller delvis til følgje, og saka vart sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd same dag. I vedlegg til oversendingsbrevet er det i tillegg til saksdokumenta lagt ved gebyrregulativet for tidlegare Lindås kommune for 2019, og gebyrregulativet for Alver kommune for 2020.

Vi ser at de er representerte av Ole Bakkebø, som er tilsett hjå Fylkesmannen. Vi nemner for ordens skuld at vi ikkje kan sjå at han har så nær tilknytning til dei som har handtert klagesaka, at dei er ugilde.

### **Regelverk**

Fylkesmannen skal som klageinstans sjå til at kommunen under si handsaming av saka har følgd dei lover, forskrifter og sakshandsamingsføresegner som gjeld på området. Fylkesmannen kan under si handsaming prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort jf. forvaltningslova § 34. Ved prøvinga av det frie skjønnet skal klageinstansen legge stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret.

Den primære oppgåva til Fylkesmannen som klageinstans er å kontrollere at den kommunale sakshandsaminga er i samsvar med regelverket og at dei omsyna som ligg til grunn for valet av løysing er saklege. Fylkesmannen må også kontrollere at det ikkje er lagt vekt på utanforliggjande omsyn.



### Fylkesmannen si vurdering

Vedtaket om avslag på søknaden om fritak for gebyr 20.12.2019 i sak 831/19, er gjort med heimel i gebyrforskrifta til tidlegare Lindås kommune for 2019 punkt 4.9. Dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. gebyrforskrifta punkt 4.10 tredje ledd. Fylkesmannen er rett klageinstans, og vi legg til grunn at vilkåra for å handsame klagen er oppfylt.

Saka gjeld førehandssøknad om fritak for gebyr i ei planlagd byggesak. Det er ikkje gitt egne føresegner om fritak for gebyr i byggesaker i gjeldande gebyrforskrift, og vi har derfor ikkje merknader til at kommunen har vurdert saka som ein søknad om redusert gebyr etter gebyrforskrifta punkt 4.9.

Det sentrale vurderingstemaet blir om tidlegare Lindås kommune, no Alver kommune, har vurdert søknaden på eit riktig rettsleg og faktisk grunnlag.

Kommunen har tatt utgangspunkt i gebyrforskrifta punkt 4.9 ved vurderinga av dykkar søknad. Føresegna lyder slik:

*«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.»*

Vilkåret for å kunne få redusert gebyret etter gebyrregulativet legg opp til å bruke skjøn. Som kommunen peikar på, tilseier ordlyden at det det må liggja føre grunnar som gjer seg særskilt gjeldande i denne saka, og som normalt ikkje kan leggjast til grunn i tilsvarande saker. Slik vi ser det, byggjer kommunen sine vurderingar på eit riktig rettsleg grunnlag.

Vidare har kommunen gjort følgjande vurdering av søknaden:

*«Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønsmessige vurderingar i samband med førespurnad om gebyrfastsetjing. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker der det vert søkt om oppføring av bygg frå lag/velforeiningar og andre frivillige eller allmenntnyttige organisasjonar. Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngjevinga for reduksjonen også vil kunne gjera seg gjeldande i andre liknande saker. Presedensverknaden gjer seg gjeldande med stor styrke då kommunen har mange lag/velforeiningar og andre frivillige eller allmenntnyttige organisasjonar som har avgrensa midlar og som ønskjer å få gehør for i høve gebyrutmåling.»*

Vi registrerer påstandane i klagen om at de er usamde i desse vurderingane, og at de meiner desse byggjer på eit uriktig faktisk grunnlag. De hevdar også at det er usakleg å leggje vekt på eventuelle presedensverknader for eventuelle søknader om redusert gebyr frå andre lag/organisasjonar i kommunen, utanfor det denne konkrete saka handlar om.

Fylkesmannen har ikkje merknader til tidlegare Lindås kommune, og seinare Alver kommune, sine vurderingar av opplysningane i saka. Slik vi ser det har kommunen tatt utgangspunkt i dei konkrete faktiske opplysningane som kjem fram i dykkar søknad i vurderinga av om det rettslege og skjønsmessige vilkåret for reduksjon av gebyr i gebyrforskrifta er oppfylt. Vi kan heller ikkje sjå at det



er usakleg av kommunen å vurdere dykkar sak opp mot tilsvarande og liknande saker som kan oppstå i kommunen i framtida.

Rett nok er det neppe mange byggjesøknader og tilhøyrande gebyr som vert utløyste av hærverk. Men etter ei samla vurdering kan vi ikkje sjå at resultatet i saka framstår som openbart urimeleg, eller at kommunen har lagt vekt på usaklege eller utanforliggende omsyn i si vurdering av om det rettslege og skjønsprega vilkåret i gebyrforskrifta er oppfylt. I vår vurdering og overprøving av saka, har vi lagt stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret.

Oppsummering:

Klagen har ikkje ført fram. Kommunen sitt vedtak om å avslå søknaden om redusert gebyr vert stadfesta.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

Anne Kristin Eitungjerde  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG